

# Retningslinjer for studiet ved Bergen Arkitekt Skole.

Revidert november 2008

## EKSAMEN I. AVD.

Eksamen i I. avd. har evalueringane:

**Bestått**  
**Bestått på vilkår**  
**Ikkje bestått**

**Bestått** er å forstå som at kandidaten er klar for oppstart i II. avdeling.

### **Bestått på vilkår:**

Vilkåret vil bli formulert av sensor - og tolka av rettleiar. 1 type vilkår:

**Vilkår I:** vil si at kandidaten kan utføre det vilkåret som sensor har satt i løpet av sommaren – kandidaten har krav på fagleg samtale med råd om det vidare arbeid. Kandidaten vil få ny evaluering av sensor, og dersom kandidaten får bestått, kan vedkommande starte på II. avdeling i følgje «vanlig» studieprogresjon.

**Ikkje bestått:** Kandidaten har rett på faglig råd vedrørende ikkje bestått / vidare studie. Kandidaten må gå 3 klasse om igjen.

**Viktig å merke at ved karakteren ikkje bestått, så har ein i følgje Lov om Universitet og Høgskoler rett til å klage på karakteren. Ein har 3 vekers klagefrist, og må ved ny sensur stille ut det same materialet. Ein vil då få ny sensur ved ei ny sensorgruppe. Normalt vil ny sensur finne stad under diplomeksamen i august same år.**

**Kandidatar til I.avdelingseksamen ved BAS kan gå opp til eksamen 2 gonger. Omsensur ved klage tel ikkje som eit forsøk.**

**I. avdeling skal være bestått før oppstart av II. avdeling, dvs. ingen «hengefag» med seg inn i II. avdeling.**

**Sensorar:** 5 eksterne  
2 arkitektar (ein med utanlandsk profesjon)  
1 Landskapsarkitekt  
1 kunstnar  
1 sivilingeniør med vestnorsk praksis

## **--DIPLOMEKSAMEN**

*Revidert etter vedtatt ny form på diplomeksamen frå 2005, og samanfatta på ny for diplom 2008.  
Datert 6. desember 2007*

Eksaminering av individuelle kandidatar på sjølvformulerte oppgåver/problemstillingar.

### **ARBEIDSPERIODE:**

5 månader – innanfor perioden 1. februar – 10.august (dvs. start ca. 10 dagar etter siste semesterkurs). Utstillinga skal vere ferdig til siste veke i august med påfølgande eksamen/evaluering.  
Ferdig uteksaminert master i arkitektur - alltid 30.august.

### **ARBEIDSVILKÅR** for kandidaten:

Alle kandidatar har sin personlige APP/LAPP-rettleiar, med 7 timar rettleiing./ 8 timar for LA (fordeling 5 t APP / 3 t LAPP)  
Konsulent rådgjeving i DAV, 5 timar  
Konsulent rådgjeving i TTA/ATTA, 1 time \*  
Konsulent rådgjeving i fysiografifag, 1 time  
Konsulent rådgjeving i 1:1 skissering, 2 timar  
Andre konsulentar underlagt rettleiar.

\* Dersom studenten og/eller rettleiaren meiner at det er eit behov for ekstra rettleiing, så skal dette meldast til diplomkoordinator eller administrasjonen ved Bas.

3 konfrontasjonar undervegs, i plenum, med rettleiarar/konsulentar samla.

### **SENSORAR:**

5 eksterne sensorar:  
2 arkitektar (ein med utanlandsk profesjon)  
1 Landskapsarkitekt  
1 kunstnar  
1 sivilingeniør med vestnorsk praksis

### **SENSUR:**

Offentleg utstilling, siste veka i august.

Samla evaluering ved sensorgruppe. Kandidaten har høve til å be om å ha med seg ein av rettleiarane sine under eksamineringa. Ein representant frå BAS, anten diplomkoordinator eller rektor, vil følge heile eksamen.

- Samla evaluering ved sensorgruppa, av kvar kandidat, individuelt.  
Plenum / Felles gjennomgang: Alle kandidatane med rettleiarar, eksamenskommissjon og rektor, drøfting av kvart prosjekt.
- Endelig evalueringresultat/sensur i lukka møte / Konsensusmøte, dei 5 sensorane, rettleiarane, eksamenskommissjonen og rektor.
- Konsensus er ein føresetnad.

Diplom har følgjande evalueringar: **Bestått med utmerking**  
**Bestått**  
**Ikkje bestått**

Stryk vil si at kandidaten må gjere diplom om igjen i full diplomtid, dvs. 5 mnd.  
Problemstilling/ emneformulering godkjennast av skulen før oppstart av nytt diplomarbeid.  
Diplom gjennomførast berre på vårsemesteret, dvs. frå 1. februar til 10. august.

**Viktig å merke at ved karakteren ikkje bestått, så har ein i følge Lov om Universitet og Høgskoler rett til å klage på karakteren, og vil då få ny sensur ved ny sensorgruppe.**

**Ein har 3 vekers klagefrist, og må ved ny sensur stille ut det same materialet.**

**Kandidatar til diplom ved Bergen Arkitekt Skole kan avlegge diplomeksamen 2 gonger.**

**Etter fullført diplomarbeid med evaluering bestått, ev. bestått med utmerking får studenten tittelen Master i Arkitektur.**

## I. avdeling ved Bergen Arkitekt Skole.

Alle merknader vedrørende studentane i I. avdeling skal leverast til administrasjonen, og vere lett tilgjengeleg for alle involverte lærarar. Studenten skal ha skriftleg melding dersom eit kurs ikkje er bestått eller det må supplerast.

### 1 år:

1. året må vere bestått før oppstart i 2 år.

Den **totale** vurdering av 1 års arbeid er grunnlaget for godkjent/ikkje godkjent år. Ved ev. ikkje tilfredsstillende arbeid, kan dette kompenseras ved seinare god innsats/resultat.

Merknader leverast administrasjonen og oppbevarast i arkivet - dette for at studenten kan få tilbakemeldingar undervegs i studiet, samt at alle lærarane har ein felles oversikt over studentane sin progresjon og utvikling.

Dersom ein student «mister» eit kurs må studenten kompensere for dette. Kompensering kan være å ta noko anna i staden for det studenten ikkje kunne delta på. Sommarkurs kan nyttast som kompensasjon.

Det er *kun* ved gyldig fråvær som sjukdom e.l. at kompensering på «mista» kurs gjelder.

Dersom student ikkje kan kompensere om sommaren - må studenten gå om igjen dei kursa vedkommande ikkje har tatt. Det må i kvart tilfelle vurderast om det er nødvendig å gå om igjen eitt eller to semester.

Eksamenar utanfor BAS studieplan er ikkje godkjent grunn for «fri» frå studiet ved BAS.

### 2 år.

Dersom det er «kritiske» tilfeller, dvs. at ein student ikkje følgjar den progresjon som er forventa, skal det gis ein skriftleg, samanfattande evaluering av studentens arbeid(er). I forkant av dette skal det gis munnlig «signal» når dette er aktuelt. Dette signalet skal nedteiknast skriftleg og leverast administrasjonen for arkivering .

Svake arbeid må supplerast innan avtalt tid - **før 1 avd. eksamen** (ev. om sommaren mellom 2. og 3. klasse).

Studenten skal ha rettleiing frå kursansvarleg, men studenten er *sjølv* ansvarlig for gjennomføring av arbeidet.

Alle merknader skal leverast administrasjonen og administrerast slik at det er lett tilgjengeleg for alle involverte lærarar.

.

### 3 år.

I. avd. evaluering: Er lagt opp i to trinn.

1. del: visning av 1. og 2. årsarbeid for sensorgruppe i APP/DAV/TTA evt. LAPP. Ei veke i januar.

Evalueringa blir gjort på ein utstilling der arbeida ( modeller og teikningar, skisser og forarbeid/fellesarbeid) blir vist i samanheng av klassen som heilskap og som ein personleg utvikling (profil) av den enkelte studenten . Utstillinga skal også skape forståing for

skulen sin arbeids- og undervisningsmåte (didaktikken) og den alternative tilnærming. Sensorane vil bli gjort oppmerksom på at skulen i særleg grad vektlegger studentens tilnærming til faget og holdninga til samfunn (ansvarstyredelegheit).

Det er ikkje sensur på denne delen, men studentane vil få råd om komplettering av grunnlaget før eksamen i juni. .Supplering kan bli gitt. Ved store manglar i grunnlaget skal studenten gjerast oppmerksom på dette skriftleg, umiddelbart etter evalueringa i januar. Dette føres som ein merknad og leverast til administrasjonen.

Dersom hovudlærer vurderer grunnlaget som for svakt for å gå opp til eksamen, kan han i samråd med skulen råde den aktuelle student til ikkje å ta eksamen dette året. Dette rådet skal vere tydeleg og beskrive det mangelfulle i grunnstudiet for studenten. Studenten kan likevel velje å ta eksamen, men skulen går ikkje i same grad som for dei andre god for studenten sitt grunnlag.

Del 2 av eksamen blir helde frå 5.-12.juni, for same sensorgruppe som i januar.

No er det i hovudsak arbeida frå 3. klasse som skal stilles ut, med egne valte arbeider som input frå 1. og 2. klasse. Disse skal brukast slik at samheng og studieutvikling (modning) blir tydelig for sensorane.

Studenten vil bli meddelt sensur på eksamens siste dag.

Før studenten kan ta eksamen i I. avd., må vedkommande ha bestått Ex. phil., eit fag frå faggruppe 1 el. 4, samt eksamensoppgåve i bygningshistorie. Dersom ein student har manglar, kan ein søkje om dispensasjon til å ta eksamen, men må så ta permisjon frå studiet for å skaffe seg det påkravde grunnlaget for å gå vidare til 2.avdeling.

### **Eksamen: 1. veke i juni,**

Utstillingsarbeidet startar opp 8 verkedagar før eksamen og ferdigstillast dagen før eksamen startar. Det lages ei **felles utstilling** av alle arbeider i alle fagområde: APP, DAV og TTA (LAPP) . Ein valt hovudlærer samt klassens assisterande lærer (lærer III) har ansvar for utstillinga sin layout og utstillingsstrukturen.

Oppgåvene grupperast etter emne. Studentane skal arbeide med tema for å belyse så vel innhald (samfunnskontekst) som individuell forståing, tolking. Heile grunnlaget frå utstilling og portefolier skal telle for studenten.

Eksamen er eksaminering av egne arbeider. Det gjerast oppmerksom på at det under eksamen er mulig å vise til andre studentars arbeid for å tydeliggjere den egne forståinga.

Ein samla vurdering går på ein heilskapleg vurdering av innsats og resultat - underlagt dei følgjande 3 evalueringskriteria:

1. KUNNSKAP – studenten sin viste kunnskap
2. FERDIGHEITER – Studenten si tilnærming til oppgåvene og arbeidsmetodane gjennom sjølvstendig, systematisk og kritisk resonnement.
3. GENERELL KOMPETANSE – studenten si faglege haldning og innstilling til arkitektur og arkitekten sin praksis i samfunn.

Kandidaten skal ha skriftlig sensoruttaling før oppstart av II. avdeling.

## II. avdeling:

Studenten skal gjennom II. avdeling ha deltatt og bestått følgende kurs før vedkommende får starte på diplomarbeidet:

3 APP semesterkurs (ev. med integrert TTA)

1 TTA kurs - særkurs 10 dager intensivt, om ikke TTA har vore integrert i kurset.

3 DAV kurs à 10 dager intensivt (ev. integrert i dei 3 hovudkurs)

KTF fag som følger studieplanen.

Studenten skal gjennom II. avdeling ha fullført og bestått *3 ulike kurs*.

Studenten skal ha vært innom 3 av 6 hovudområder:

1. Restrukturering av urban struktur/bebyggelse.
2. Restrukturering av rural struktur/bebyggelse.
3. U-land / Arkitekt i en annen kultur.
4. Konstruksjon der arkitektonisk prosjektering er grunnlaget/føresetnaden.
5. Komplekst/komplekse bygg.
6. Utveksling / anna

Semesterkursene blir evaluert av hovudlærer på kvart fagområde.

**Alle kurs må være bestått før oppstart av diplomarbeidet.**

Det skal leverast ein skriftlig evaluering som viser innsats, arbeid, holdning, forståing osv., det skal tydelig framgå om det er noko svakheiter ved studentens arbeid e.l.

Evaluering:

**Bestått**  
**Bestått på vilkår/supplering**  
**Ikkje bestått**

Ved bestått på vilkår/supplering skal studenten følgjes opp av hovudlærer, men det presiserast at dette er eit gjensidig arbeid.

**Tidsfrist for å ferdigstille ei supplering er 2 veker etter siste kursdag.**

Ved ikkje bestått skal studenten ta eit nytt semesterkurs.